

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Fonna HF

**DATO:** 03.01.23  
**SAKSHANDSAMAR:** Hege Etterlid  
**SAKA GJELD:** **Revidert investeringsbudsjett 2023**

**STYRESAK:** 9/23

**STYREMØTE:** 13.01.23

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret vedtek investeringsbudsjett for Helse Fonna HF for 2023
2. Administrerende direktør får fullmakt til å gjere naudsynte endringar om rammevilkåra frå Helse Vest RHF blir endra
3. Styret gjev administrerende direktør fullmakt til å gjere justeringar og endringar innanfor ramma av det vedtekne investeringsbudsjettet

## Innleing

Styret i Helse Fonna fatta 25.11.22, sak 83/22 Investeringsbudsjett for Helse Fonna HF 2023 fylgjande vedtak:

1. Styret vedtek investeringsbudsjett for Helse Fonna HF for 2023
2. Investeringsbudsjettet blir og å vurdera på nytt i samanheng med budsjetthandsaming 13.01.2023. Pkt. 2 og 3 i framlegg til vedtak blir å handsama i styremøte 13. januar 2023

Med bakgrunn i dette er investeringsbudsjettet for 2023 revidert. Helse Fonna investerer årleg i bygg, tekniske anlegg, medisinsk teknisk utstyr, IKT, køyretøy og anna utstyr. Midlane til investeringar skal sikre at bygg og tekniske anlegg i føretaket er forsvarlege og i tråd med myndigheitskrav og at føretaket har naudsynt medisinsk teknisk utstyr som sikrar god pasientbehandling.

## Finansieringsgrunnlag

### Kontantstrøm til å dekke investeringar:

Beløp i heile tusen kroner	2022	2023
Resultat til styrking av finansieringsgrunnlaget	-150 000	0
+ Avskrivning/nedskrivning	201 215	213 375
= Kontantstrøm fra driften	51 215	213 375
- Resultatawik 2021	-120 423	
+ Nedskrivning 2021	437	
+ Kapitaltilførsel fra RHF'et	0	294 000
+ Opptak av nye lån	173 000	52 000
- Avdrag lån	-56 892	-350 892
- Tilførsel av likviditet til Helse Vest IKT	-26 434	-33 889
+ Salg av anleggsmidler	0	0
+ Gaver	0	0
+/-Overføring av likviditet fra 2021	320 268	
+/- annet		0
<b>Finansieringsgrunnlag investeringar</b>	<b>341 171</b>	<b>174 594</b>

### Investeringar (må spesifiserast i eget ark):

Beløp i heile tusen kroner	2022	2023
Bygg - tilgjengelig ramme	350 510	210 000
Medisinteknisk utstyr	27 000	15 000
Anna	10 000	10 000
<b>Sum investeringar</b>	<b>387 510</b>	<b>235 000</b>

Administrerande direktør ventar at finansieringsgrunnlaget til investeringar for 2023 vil bli på 175 millionar kroner, inkludert låneopptak på 52 millionar kroner. Låneopptaket i 2023 knyter seg til delutbetaling av vedteke lån til Helse Fonna i statsbudsjettet for 2023. Omfanget av låneopptak det enkelte år vil bli tilpassa den faktiske framdrifta i investeringane, slik

at omsynet til føretaket sin likviditet vert ivaretatt og at rentekostnadane vert så låge som mogeleg.

Føretaket har sendt forprosjektrapport for byggetrinn 2 ved Haugesund til eigar og lån og sannsynlege utgifter til byggeprosjektet er innarbeidd i oppdatert økonomisk langtidsplan (sjå sak 7/23) og investeringsbudsjett for 2023. I samsvar med vedtak i Helse Vest RHF 7.12.22 har vi endra framdriftsplanane for byggetrinn 2 ved Haugesund sjukehus.

Investeringsbudsjettet er på 235 millionar kroner i 2023, inkludert 142 millionar kroner til ByggHgsd2020 (Byggetrinn 2). Dette er mellom anna finansiert med unytta lånemidlar frå byggetrinn 1, teke opp i 2021 og låneopptak byggetrinn 2, teke opp i 2022. I 2023 er forslaget å fortsetje med førebunde arbeid: riving, asbestsanering og arbeid i eksisterande bygg S og Ø-blokk. Dette er mindre entreprisar og opsjonar som kan styrast kontrollert innanfor økonomisk bærekraft og tilgjengeleg likviditet, og vil resultere i eit kontrollert og styrbart prosjekt i 2023. I oppdatert økonomisk langtidsplan er byggetrinn to budsjettet slik:

Beløp i MNOK	2022	2023	2024	2025	2026	2027	Sum
<b>Byggetrinn 2 Haugesund sjukehus</b>	83	142	168	290	217	133	<b>1 033</b>
<b>Lån</b>	173	52	118	203	153	24	<b>723</b>
<b>Eigenkapital</b>			50	87	64	109	<b>310</b>

Resultatprognosen for 2022 er sett til -150 millionar kroner, noko som er 130 millionar lågare enn budsjettet resultatkrav. Investeringsbudsjettet er utarbeidd i same kroneverdi som i 2022, utan justering for deflator. Helse Fonna HF vil etter vedtak i styret i Helse Vest RHF oppdatere investeringsbudsjettet med deflator.

## Investeringsplan

Planlagt investering, eksklusiv ByggHgsd2022	Antatt budsjett
<b>Investeringar i bygg</b>	
Reinvestering i bygningar	4,50 mill.
<i>Sum investeringar i bygg</i>	<i>4,50 mill.</i>
<b>Investeringar i tekniske anlegg</b>	
<b>Investeringar - mindre bygningsteknisk ombygging</b>	1,50 mill.
<i>Sum investeringar - mindre bygningsteknisk ombygging</i>	<i>1,50 mill.</i>
<b>Investeringar i tekniske anlegg</b>	
Reinvestering i tekniske anlegg	8,00 mill.
Prosjektpersonell	1,00 mill.
<i>Sum investeringar i tekniske anlegg</i>	<i>9,00 mill.</i>
<b>Investeringar - ombygging MTU utstyr</b>	
Ikke aktuelt for 2023	0,00 mill.
<i>Sum investeringar ombygging MTU utstyr</i>	<i>0,00 mill.</i>
<b>Medisinsk teknisk utstyr (fordelinga mellom postane kan endrast)</b>	
Enkeltinnkjøp over 5 millionar kroner	0 mill.
Det er ikkje planlagt enkeltinnkjøp over 5 millionar kroner.	
Nyinvesteringar:	

Enkeltinnkjøp mellom 1 til 2 MNOK	0 mill.
Reinvesteringar:	
Reinvestering teknisk slitasje/forelda metodikk/teknikk	15 mill.
<i>Sum medisinsk teknisk utstyr</i>	<i>15 mill.</i>
<b>Andre investeringar</b>	
Ambulansar	6,00 mill.
Administrative kjøretøy	1,50 mill.
IKT- sjuke signalanlegg-kabling	0,50 mill.
Anna utstyr	2,00 mill.
<i>Sum andre investeringar</i>	<i>10,00 mill.</i>
<b>SUM investeringar 2023, eksklusiv ByggHgsd2020</b>	<b>40,00 mill.</b>

## Bygg og anlegg:

### Reinvestering i bygningar og tekniske anlegg

Helse Vest RHF har gjennom styringsdokumentet sett krav om at føretaket skal utarbeida ein plan for forbetring av minimumstilstand for bygningane. I juni 2013 i sak 59/13 A blei føretaket sin plan for å nå minimumsstandard for bygningsmassen godkjend av styret i Helse Fonna HF.

Planen som er utarbeidd inneheld ein strategi for vedlikehald av bygningsmassen og er basert på at følgjande tiltak blir gjennomført:

- 1) Sanering og avhending
- 2) Arealutvikling og nybygg
- 3) Investeringsbudsjett
- 4) Drift- og vedlikehaldsbudsjett

I styringsdokumentet for 2022 er det sett krav til at føretaka i regionen skal bli samde om eit felles mål for tilstandsgraden for bygga. anbefalinga er at ein sett dette målet til 1,2. Det vil bli lagt fram ei eiga sak om felles tilstandsgrad for styret.

Dei siste åra har investeringsbudsjettet for bygg og anlegg vore kr 30 mill. For 2023 er budsjettet redusert til kr 15 mill. Reduksjonen vil redusere føretaket sin moglegheit til å foreta rehabilitering i bygg og tekniske anlegg som er ferdig avskrive i regnskapet (teknisk forelda). Det har over år akkumulert seg opp unytta investeringsmidlar til andre bygningsmessige investeringar. Som eit tiltak for å styrke likviditeten foreslår administrerande direktør å berre vidareføre kr 15 MNOK av desse.

Målsetjinga er at ein skal prioritere investeringsmidlane i samsvar med strategien om å redusere vedlikehaldsetterslepet og forbetra samla tilstandsgrad.

### Reinvesteringar i bygningar

Føretaket har ei målsetjing om å utvide eksisterande reinhaldssentral ved Haugesund sjukehus i 2023.

### Tekniske anlegg

Det føreligg fleire utgreiingar om behovet for å rehabilitere eksisterande energisentral ved Haugesund sjukehus. I forprosjektrapporten til ByggHgsd2020 byggetrinn 2 kjem det fram at ein har til hensikt å kopla seg opp til eksisterande infrastruktur i energisentralen. Omfang av naudsynt rehabilitering må avklarast i detaljerte planar.

Budsjettet tek høgde for utskifting av nokre mindre tekniske anlegg. Utskiftingane er nødvendige som følgje av at den tekniske levetida på anlegga er nådd og det er vanskelig å skaffe til veie reservedeler til anlegga.

### Investeringar i medisinsk teknisk utstyr (MTU)

Det er planlagt å bruke totalt 15 MNOK til investeringar innanfor medisinsk teknisk utstyr i 2023. Dette fordeler seg i hovudsak som reinvesteringar og enkelte nyinvesteringar.

Budsjettet for investering i medisinsk teknisk utstyr for 2022 inneheld ikkje prosjekt på meir enn 1 MNOK. Den endelege investeringsprofilen vil kunne endrast innanfor den økonomiske ramma for MTU-investeringa.

I budsjettet for medisinteknisk utstyr for 2022 er det unytta midlar tilsvarande 3 MNOK. Dette skuldast at planlagt CT på Stord etter anbudsrunde vart kr 3 MNOK billigare enn budsjettet. Som eit tiltak for å styrke likviditeten foreslår administrerande direktør å ikkje vidareføre midlane.

### **Andre investeringar:**

#### Kjøretøy

Det er i 2023 planlagt utskifting av tre ambulansekjøretøy. I tillegg er det planlagt utskifting av fleire administrative kjøretøy. Det er fossile kjøretøy som vil bli erstatta med el-kjøretøy.

#### Anna utstyr

Føretaket budsjetter årleg med utskifting av eit tal pasientsenger med tilhøyrande utstyr i Hgsd og Stord. Dette gjeld også for 2023.

### **Gevinstar ved investeringane**

Dei årlige investeringane i Helse Fonna er i hovudsak erstatning av eksisterande anleggsmiddel og det er difor ikkje lagt inn forventingar til gevinstar på desse prosjekta.

### **Rapportering til styret**

Administrerande direktør vil følgje opp framdrifta for prosjekta innan nybygg, bygg, anlegg og resten av investeringane og løypande rapportere status for gjennomførte investeringar til styret i Helse Fonna HF.

Budsjettet er drøfta med dei tillitsvalde 10.01.23 og handsama i arbeidsmiljøutvalet 12.01.23.